

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	08/2022	Arkiv nr.:		Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

Referat og meldingar..

- A. 220318 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Motorferdsel-Dispensasjon 2022-transport av båtar for vedlikehald-Kjetil Sveine
- B. 220318 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Motorferdsel-drift og vedlikehald Memuru turisthytte-melding om utgått løyve og behov for behandling av dispensasjon av ny periode frå 2022
- C. 220318 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Opprusting og utviding av Memurubu kraftverk-Endringssøknad-Kleppconsult AS
- D. 220318 e-post frå NFS. Utbetaling av tilskudd til tiltak for barn og unge 2022
- E. 220323 e-post frå NFS. Tildeling av friluftsmidler 2022-utbetaling av tilskudd til friluftslivstiltak i regi av NFS og fjellstyrene
- F. 220404 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Referat frå møte avholdt 25. mars
- G. 220405 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak-dispensasjon motorferdsel 2022-Transport til gjetarbu på Gjendetunga-Lom Tamrein AS
- H. 220421 kopi av e-post frå Lom kommune. Delegert vedtak-Løyve til motorferdsel i utmark-snøskutertransport i samband med vedlikehald av båtnaust ved Langvatnet
- I. 220425 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Invitasjon årsmøte
220425 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Sakliste årsmøte
220425 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Årsmelding
- J. 220426 e-post frå Statsforvaltaren i Innlandet. Invitasjon til informasjonsmøte om supplerande vern
- K. 220427 svar på e-post til Hallvard Helland. Møte om jordvern og bruk av utmarka
- L. 220504 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Dispensasjon motorferdsel 2022-persontransport til Glitterheim turisthytte i forbindelse med DNT-dugnad
- M. 220505 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinnemnd. Tildeling av fellingsløyve villrein 2022
- N. 220506 e-post frå Fjellstyrene i Oppland. Referat frå årsmøtet 2022
- O. 220510 kopi av e-post. Innkalling til generalforsamling-AS Vågåfisk
- P. 220513 e-post frå Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg. Referat frå årsmøte 2021
- Q. 220520 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak-motorferdsel 2022-transport av skiltstativ til naturstig Krossbu-Bøverbrean-Norsk Fjellsenter
- R. 220525 e-post frå statsforvaltaren Innlandet. Møtereferat digitalt møte 20. mai. Statsforvaltaren og regionale organisasjonar og fjellstyrer-supplerande vern
- S. 220530 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak-dispensasjon motorferdsel 2022-2026. Helikoptertransport for drift av Piggehytta-Juvasshytta turisthytte AS
- T. 220531 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak-motorferdsel 2022-Helikopter. Uttransport av framsmelta skrot ved Styggebrean-Juvasshytta turisthytte AS og Lom Fjellstyre
- U. 220531 e-post frå Lom kommune. Søknad om omlegging av landbruksvegen Hesthagen-Smørli
- V. 220531 e-post frå Innlandet revisjon IKS-endring av oppdragsansvarleg revisor
- W. 220601 e-post frå Jotunheimen NP. Oppsummering-synfaring Gjendebu 30.mai

Møtebok – Lom fjellstyre

X. 220601 e-post frå Knut Øyjordet. Møteprotokoll AS Vågåfisk

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	09/2022	Arkiv nr.:	642.0	Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde/Eilev Hellekveen				

Forslag til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Opning for fiske med faststående reiskap for alle busett i Norge.

Sakspapir:

- Gjeldande fiskereglar for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
- Sak 5/2022 i Lom fjellstyre. Forslag til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde i sak 5/2022 vedtak om å leggje følgjande samrøystes forslag ut til offentleg gjennomsyn:

«Lom fjellstyre foreslår å opne for at fiske med faststående reiskap på statsallmenningen vert tillate for alle busett i Norge med unntak av desse vatna: Eilevsvatnet, Børjetjernet, Leiråstjernet, Preststeinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, Rundhaugstjernet og Fantesteinsvatnet. Fyrste avsnitt i punkt 4 i fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningen blir difor endra til:

Fiske med faststående reiskap er tillatt for alle busett i Norge, med unntak av desse vatna: Eilevsvatnet, Børjetjern, Leiråstjernet, Preststeinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, Rundhaugstjernet og Fantesteinsvatnet. På desse vatna er faststående reiskap tillate berre for dei som siste året har vore, og framleis er fast busette i kommunen der allmenningen ligg.»

Forslaget har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn på heimesidene til fjellstyret, og var samstundes sendt Lom vilt- og innlandsfiskenemd og Lom JFF til orientering. Frist for å kome med merknader var sett til 1. mai. Det har ikkje kome inn merknader til forslaget.

Forslag til vedtak:

Fyrste avsnitt i punkt 4 i fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning blir endra til:

«Fiske med faststående reiskap er tillatt for alle busett i Norge, med unntak av desse vatna: Eilevsvatnet, Børjetjern, Leiråstjernet, Preststeinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, Rundhaugstjernet og Fantesteinsvatnet. På desse vatna er faststående reiskap tillate berre for dei som siste året har vore, og framleis er fast busette i kommunen der allmenningen ligg.»

Det blir oppretta ei ny korttype for «faststående reiskap – utanbygdsbuande» som blir gjort tilgjengeleg via inatur. Prisen for kortet blir sett til kr. 750,-

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskeremnd – som e-post
- Lom JFF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	10/2022	Arkiv nr.:	433.1	Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen, Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om prøve- og treningsterreng. Jotunfjell-Fjordane elghundklubb. 2. gongs behandling

Sakspapir:

- Sak 60/1996. Søknad om prøveterreng for jaktprøver.
- E-post 22. januar frå Jotunfjell-Fjordane elghundklubb. Søknad om prøveterreng.
- Sak 4/2022. Vårdalen, Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om prøve- og treningsterreng. Jotunfjell-Fjordane elghundklubb.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde i sak 4/2022 vedtak om å leggje følgjande samrøystes forslag ut til offentleg gjennomsyn:

Jotunfjell - Fjordane elghundklubb får disponere Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning til blodsporprøve, fersksporprøve og bandhundprøve etter desse vilkåra:

Blodsporprøver kan gjennomførast i tida 02.01-22.12

Fersksporprøver kan gjennomførast på berrmark i tida 02.02-30.04 og 01.07-22.12

Bandhundprøver kan gjennomførast i tida 01.07 - 22.12

Fjellopsynet skal ha melding om stad, tidspunkt og kven som er ansvarleg for prøva. I tida 1. september-1. desember kan prøvene berre gjennomførast etter dialog og tilvising frå fjelloppsynet.

Saka har vore varsla og lege ute til offentleg gjennomsyn på heimesidene til fjellstyret. Frist for merknader var sett til 1. mai. Det har ikkje kome inn merknader til forslaget.

Forslag til vedtak:

Jotunfjell - Fjordane elghundklubb får disponere Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning til blodsporprøve, fersksporprøve og bandhundprøve etter desse vilkåra:

Blodsporprøver kan gjennomførast i tida 02.01-22.12

Fersksporprøver kan gjennomførast på berrmark i tida 02.02-30.04 og 01.07-22.12

Bandhundprøver kan gjennomførast i tida 01.07 - 22.12

Fjellopsynet skal ha melding om stad, tidspunkt og kven som er ansvarleg for prøva. I tida 1. september-1. desember kan prøvene berre gjennomførast etter dialog og tilvising frå fjelloppsynet.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Jotunfjell-Fjordane elghundklubb – som e-post.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	11/2022	Arkiv nr.:	035.16	Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Riving av den gamle og oppføring av ny oppsyns- og gjetarhytte i Storådalen.

Saksutgreiing:

I år har vi hatt med oss brannvesenet til å inspisere piper- og eldstader på hyttene til fjellstyret. I Storådalen viser det seg at pipa er av eit fabrikkat som ikkje lenger er godkjent, fjelloppsynet har difor stengt den for overnatting- og bruk.

Storådalshytta vart oppført på slutten av 1800 talet etter at Lom heradsstyre i 1888 fekk utvist feste frå statens skoger for «grunn til febod» i samband med fedrift i Storådalen. Eigarskapet vart seinare overført til fjellstyret, gjeldande festekontrakt er frå 1968. Den ligg strategisk til sentralt i nasjonalparken, med stutt avstand til Gjendetunga og Memurutunga. I dag blir den brukt til overnatting av oppsynet gjennom sommarhalvåret, av Storådalen beitelag i samband med tilsyn av beitedyr og er truleg den fjellstyrehytta som blir mest brukt av gjeterane til tamreinlaget. Den har i mindre grad vore nytta til utleige, delvis bevist for å halde den tilgjengeleg for oppsynmannskapet og gjeterar.

Hytta slik ho står er om lag 18m² og har to sengeplasser. Den har vore vedlikehalde og utbetra i fleire omgangar, men bær preg av alderen. Kledning, isolasjon/vindtetting og innvendig standard er dårleg. Kostnaden ved innsetting av ny pipe og eldstad er forholdsvis høg, og det er uvist om det samstundes trengst utbetringar i golv- og takkonstruksjon. Hytta er bygd i reisverk med ujustert material- og bjelkelag, ei større renovering vil bli omfattande, kostbar og truleg ikkje vesentleg billigare enn riving og nybygg.

Det er høve til å søkje om stønad til dette tiltaket både frå Grunneigarfondet og av tippemidlar avsett til friluftsførmål.

Opplysningar og merknader:

Dersom fjellstyret går inn for riving og oppføring av ny hytte, vil det bli aktuelt å gjennomføre riving og nybygg fyrst våren 2023, slik at ein får samla all transport med helikopter til ein dag og samstundes har snøscooterføre for transport av arbeidsfolk både til riving og nybygg.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret vedtek riving av den gamle og oppføring av ny tilsynshytte i Storådalen.

Dagleig leiar lagar ein framdriftsplan for prosjektet, ein kostnad- og finansieringsplan og innhentar tilbod om oppføringa, som vert lagt fram til godkjenning av fjellstyret.

Vedtak:

Som forslaget.
Samrøystes.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	12/2022	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Justering av prisane på elg- og hjortejakta.

Sakspapir:

- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.
- Fjellstyresak nr. 39/2019.

Saksutgreiing:

Prisane på elg- og hjortejakt har vore uendra sidan 2019 og det bør vurderast ei justering før komande jakt sesong og ny periode. Dei eksisterande prisane på elg- og hjortejakt har vore som følger:

	Grunnpris	Pris/kg
Elg	kr.3.200	80,00
Hjort	kr.2.000	80,00

For elg har det vidare vore halv pris på såkalla ”skrapdyr”, dvs. kalvar under 50 kg og ungdyr under 100 kg.

For kortidsjakt har det etter 1. november vore selt jaktkort for 5 dagars perioder, der prisen har vore kr. 600,- for hovudjeger og kr. 300,- for tilleggsgjeger. Ved felling blir det gjort opp etter gjeldande pris/kg, innbetalt kortpris kjem da til fråtrekk.

Sal av storviltjakt, prisfastsetting m.m. i statsallmenning er regulert i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning kap. III og IV, sist endra i 2021. Det er fjellstyret som bestemmer prisane for storviltjakt innanfor dei ramene som forskrifta gjev. For storviltjakt er det ikkje fastsett prisrammer, men departementet kan innføre dette dersom dei skulle finne det nødvendig. Det skal være lik pris for innan- og utanbygds.

Opplysninger og merknader:

Prisutviklinga på storviltjakta bør følgje fjellstyrets kostnadsauke generelt, og prisutvikling i samfunnet elles. Prisane på elg- og hjortejakt har nå vore uendra sidan 2019. Om ein legg prisstigning basert på KPI til grunn vil kr. 80,- ved vedtaksdato i 2019 tilsvara kr. 87,12- i mai 2022, ei auke på 8,9%.

Prisane hjå andre fjellstyre i regionen vår var i 2021 slik:

Vågå	80,- pr kg
Sel	85,- pr kg
Ringebu	87,- pr kg
Lesja	70,- pr kg
Gausdal	88,- pr kg

Møtebok – Lom fjellstyre

For å stimulere til uttak av små dyr blir det foresleget å utvide ordninga med halv pris for «skrapdyr» til å gjelde for vaksen elgku under 140kg, hjortekalv under 22kg, ungdyr hind under 40kg og spissbukk under 45kg.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret fastsett, i samsvar med §13 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, slike prisar for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning frå jaktseasonen 2022:

	Grunnpris	Pris/kg
Elg	kr.3.200	87,00
Hjort	kr.2.000	87,00

Det blir gjeve halv pris for «skrapdyr» etter desse vektgrensene:

Elgkalv under 50kg, ungdyr elg under 100kg, vaksen elgku under 140kg, hjortekalv under 22kg, ungdyr hind under 40kg og spissbukk under 45kg.

Pris for 5 dagars jaktkort etter 1.november blir sett til kr. 600,- for hovudjeger og kr. 300,- for tilleggsjeger. Ved felling blir det gjort opp etter gjeldande pris pr. kg, innbetalt kortpris kjem da til fråtrekk.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom vilt- og innlandsfiskeremnd – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	13/2022	Arkiv nr.:	141	Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Søknad om stønad frå fjellkassa. Storådalen Beitelag – Innkjøp av ny småbåt.

Sakspapir:

- E-post sendt 16. mai frå Storådalen beitelag – Stønad til innkjøp av ny småbåt.

Saksutgreiing:

Storådalen beitelag har med e-post 16. mai søkt om stønad til innkjøp av ny småbåt til bruk i samband med tilsyn av beitedyr ved Gjendebu.

Etter mange års beitebruk, med ymse vær og vind på Gjende, ser dei eit behov for ein sikrare småbåt til bruk for fegjeterar- og dyreiegerar i dei tilfella det ikkje høver seg å kjøre rutebåt. Det kan være behov for å kome inn på stutt varsel, eller om hausten når rutebåten ikkje går.

Beitelaget fekk prøvekjøre ein 14 fots småbåt med høge fribord i fjord haust, og har innhenta prisoverslag for denne. Prisoverslaget, kr 75830 eks. mva. og finansieringsplan ligg vedlagt søknaden. Det er søkt om eit tilskot på kr. 20 000 frå fjellstyret.

Opplysninger og merknader:

Reglane for disponering av eventuelt overskot i fjellkassa er gjeve i § 11 i fjellova og seier at fjellstyret ved vedtak avgjer korleis overskotet skal nyttast. Er overskotet i fjellkassa større enn det som trengs til tiltak i allmenningen, kan fjellstyret disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmenntillegte formål i desse bygdene.

For året 2022 er det avsett 150.000 til tilskot frå fjellkassa. Av desse er 50.000 er øremerka driftstilskot fellesdriftene i Veodalen og i Storådalen, dei resterande 100.000 kan løyvast til tiltak i allmenningen, til næringsutvikling- eller allmenntillegte tiltak.

Søknadsfrist for tilskot frå fjellkassa var i år sett til 1. mai, og seinare forlenga til 1. juni. Innan fristen var ute har det i alt kome inn 2 søknader om tilskot:

- Storådalen beitelag – Investeringstilskot, småbåt - kr 20 000,-
- NINA - Søknad om støtte til bok om draggarnfiske på Tesse - kr 10 000,-

Vedtak:

Fjellstyret løyver kr 20. 000 i stønad til Storådalen beitelag til bruk for innkjøp av ny småbåt.

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag – som e-post
- Rekneskapsfører
- Statskog SF – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	14/2022	Arkiv nr.:		Møtedato:	20.06.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Supplerande vern – Jotunheimen Nasjonalpark. Uttale til vidare prosess.

Sakspapir:

- E-post frå Statsforvaltaren i innlandet 22. april. Innkalling til informasjonsmøte om supplerande vern.
- Presentasjon frå informasjonsmøte 19. mai -supplerande vern
- Referat frå informasjonsmøte 19. mai – supplerande vern

Saksutgreiing:

Statsforvaltaren i innlandet fekk i 2018 i oppdrag frå Miljødirektoratet å utgreie om det er lokal aksept for å utvide Jotunheimen nasjonalpark, Dovre nasjonalpark og Vesle Hjerkin landskapsverområde. Fyrste runde av denne prosessen var uheldig, med for lite involvering av berørte grunneigarar og brukarinteresser. Det var knapp tid og eit dårleg grunnlag for kommunane å gje innspel på, og nokre av kommunane har i ettertid funne ut at dei var litt for raske til å avvise moglege utvidingar av nasjonalparken. Med dette som bakgrunn vart prosessen restarta hausten 2021.

Det er kommunane som tek avgjerd om det er aksept for å starte opp ein verneplanprosessen. Som grunnlag for kommunane si avgjerd, er det i vinter og vår gjennomført møter med berørte grunneigarar og 19. mai vart det halde eit informasjonsmøte for lokale og regionale naturvern- og friluftorganisasjonar. Fjellstyret var invitert til sistnemnde, der sekretæren møtte. I samband med at det var opna for innspel blei det kommentert at fjellstyra representerer ulike brukarinteresser, og at synspunkt om utvida vern kan vere delte. Med bakgrunn i dette vart det framlagt eit ynskje om tid til å sende inn skriftleg attendemelding i etterkant av møtet.

Slik saka står nå er det ikkje spørsmål om ja eller nei til vern, men ei avklaring av om det er lokal aksept for å igangsette ein verneplanprosess gjennom ei kommunestyrebehandling. Kommunane skal, m.a. med bakgrunn i ovanemnde dialogmøter, hausten 2022 bestemme om dei er positive til ein slik prosess.

Opplysninger og merknader:

Bilete 1 syner arealet som er foreslått utgreia i Lom kommune. Mykje av det ligg på statsallmenning og inneheld alt frå urørte høgalpine områder med toppar over 2000m, til areal lågare i terrenget tett inntil reiselivsverksemdar, beite- og seter områder.

Eit eventuelt vern vil kunne ha både positive og negative konsekvensar, det er gjerne delte syn på ei eventuell utviding - alt etter område og ulike brukarinteresser. Sakshandsamarar har fått munnlege innspel frå ulike lokale næringsaktørar, både landbruk og reiseliv, som er både for og i mot utvida vern.


Om kommunen vel å sette i gang ein verneplanprosess vil ein få belyst dei ulike konsekvensane, både positive og negative. Fjellstyret, andre brukarinteresser, grunneigarar og næringsaktørar får eit betre grunnlag- og høve til å gje uttale. Samstundes vil ein verneplanprosess vere omfattande og ressurskrevjande, i ljøs av

Møtebok – Lom fjellstyre

dette kan det saknast betre grunngeving for kvifor dei ulike områda er foreslege verna. Plan- og bygningsloven, planprosessar, regionale myndigheiter i saman med lokal forvaltning tek i vare mange av dei verdiane som ligg til desse areala.

Dei gjeldande grensene til Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta i ei tid der verneområdegrensa skulle leggest i god avstand til menneskelege inngrep og områder med høg bruk og aktivitet. I dag er denne tenkemåten endra, der til dømes reiseliv og verneområdeforvaltning i større grad spelar på kvarandre, og at det i større grad blir opna for tilrettelegging, byggetiltak og bruk innanfor verneområdegrensene. Jotunheimen er ein «brukspark», der det skal leggest til rette for både landbruk, beitebruk og reiseliv.

Det vil truleg være lettare å finne lokal aksept for vern av høg fjell og enkelte områder som er typisk prega av høg reiselivsaktivitet framfor dei andre områda i forslaget. I ein eventuell vidare prosess bør det i fyrste runde kartleggast kva områder som kan være aktuelle slik at ein kan avgrense areala som ein tek vidare inn i ein verneplanprosess.



Bilete 1: Forslag til supplerande vern - Jotunheimen NP

Saksgangen vidare kan samanliknast med prosessen for «frivillig vern av skog», men i staden for grunneigar er det kommunen som seier ja eller nei eller kan sette vilkår til om ein verneplanprosess blir igangsett. Etter igangsetting vil kommunane ha moglegheit til å stoppe verneplanforslaget når/om dette blir ferdig.

Vedtak:

Dagleg leiar utformar forslag til uttale i samsvar med det som kom fram under behandlinga av saka. Forslaget blir sendt ut til medlemmane for korreksjon og endeleg godkjenning.

Samrøystes.

Møtebok – Lom fjellstyre